

Oppsummeringsnotat frå medverknadsmøte frivilligpolitikk 7. september 2017

Invitasjon

I forkant av møtet vart det sendt ut invitasjon til alle lag og organisasjonar på e-post. Det vart annonsert i lagsnytt i Bygdanytt, på heimesida og på Facebooksida til kommunen, pluss Facebook arrangement. Invitasjonen oppmoda eldskjeler og organisasjonar til å stille på møtet for å seie noko om kva behov og mogelegheiter ein har i Osterøy kommune.

Oppmøte

Det var 35 personar påmeldt til medverknadsmøtet. Nokre melde avbod kort tid før møtet, men det kom fleire som ikkje var påmeldt, slik at det vart kring 35 deltakarar. Det vart sendt rundt ei liste for registrering av deltakarane på møtet, men denne vart sendt rundt litt seint, slik at fleire av deltakarane var gått før dei fekk skrive seg på. Frivilligkoordinator Grete Birkelid leia møtet, og hadde med seg tre frå den administrative arbeidsgruppa for frivilligpolitikk og to frå planavdelinga som medhjelparar til arbeidsverkstaden. To frå den politiske arbeidsgruppa for frivilligpolitikk deltok som observatørar.

Innleiarar – bakgrunn, eksempel og til inspirasjon

Frivilligkoordinator opna møtet og ønskte velkomen. Vidare presenterte ho dei inviterte innleiarane. Anne Mette Nesje Porten frå Hordaland fylkeskommune innleia møtet med å snakke om kva frivilligpolitikk er, og kvifor den er viktig å få på plass i kommunen. Ho delte nokre døme frå andre kommunar i Hordaland som har utvikla sin eigen frivilligpolitikk.

Gunnar Brynjulfsen frå Askøy kommune fortalde korleis dei hadde jobba fram sin frivilligpolitikk, kva dei hadde fått til i samarbeid med frivillig sektor, og kva dei såg for seg å arbeide med vidare. God inspirasjon og ei god innleiing til arbeidsverkstaden som skulle gjennomførast.

Arbeidsverkstad og resultat

Alle frammøtte vart delt opp i 5 ulike grupper, der det var ein medhjelpar som fungerte som gruppeleiar. Spørsmåla som gruppene skulle arbeide med var basert på spørsmål utarbeida av Frivillighet Norge, men tilpassa lokalt for å få svar på det me treng for å utvikle frivilligpolitikk i Osterøy kommune. Gruppene hadde to arbeidsfaser på spørsmål 1 og 2, fyrste fase der ein skulle kome med alle forslag og andre fase der ein saman skulle prioritere dei tre viktigaste. Gruppene jobba ivrig og konsentrert kring spørsmåla. Oppsummert er det i all hovudsak desse resultatane me kom fram til:

1. Kva er dei tre største utfordringane med å drive frivillig arbeid i kommunen?

Utfordringa som går igjen i alle arbeidsgruppene, er økonomi, mangel på menneskelege ressursar og kommunikasjon/samarbeid.

Økonomi er ei utfordring for mange lag og organisasjonar. Det inneber bl. a. at dei treng hjelp til søknadsskriving, stønad til å dekke utstyr/avgift for born og andre med dårleg råd og manglar midlar til å iverksetje prosjekt.

Andre utfordringar er mangel på menneskelege ressursar. Det er vanskeleg å rekruttere nye medlemmar til styreverv og prosjekt, engasjere folk til dugnadar, oppretthalde utvikling og kontinuitet i organisasjonane og det blir mykje arbeid på dei som allereie har mykje ansvar frå før.

Kommunikasjon på tvers av lag og organisasjonar vert peika på som ein utfordring. Mange arrangement vert gjerne arrangert på same dag, og ein «konkurrerer» om målgruppa. Det same gjeld kommunikasjon ut til innbyggjarane/målgrupper, der ein ikkje når ut til alle med aktivitetane sine.

2. Har de forslag til korleis samarbeidet mellom kommunen og den lokale frivilligheita kan gjennomførast?

Forslag til gjennomføring av samarbeid som vart lagt fram og prioritert høgst; nettside, fellesmøter og ein kontaktperson i kommunen.

Forslaget som dominerte var nettside med kalenderfunksjon for arrangement og øvingar/treningar, og oversikt over lag og organisasjonar med kontaklinformasjon. I tillegg var det ynskje om ein «ofte stilte spørsmål» funksjon. Gjerne med informasjon om tilskotsordningar og anna relevant informasjon.

Andre ynskje som vart prioritert høgt var frivillighetsforum/ nettverksmøte/ fellesmøte i regi av kommunen 1-2 gongar i året med relevant tema eller kurs.

Det var stor einighet om ynskje om ein kontaktperson/frivilligkoordinator i kommunen som kan hjelpe med søknadar o.l. og at kommunen viser interesse og veit kva som fins av lag og organisasjonar.

3. Kva ser de for dykk at Osterøy kommune og frivillig sektor kan få til gjennom eit samarbeid?

Her kom det mange innspel på kva ein kan få til. Bland anna, kulturhus, ny symjehall, turstiar/turløyper/lysløyper, meir fysisk aktivitet og kultur inn i SFO og skule, auka trivsel og meir attraktiv kommune å bu og flytte til, auka inkludering og felleskap, frivilligsentral, betre kommunikasjon mellom lag og organisasjonar, ta vare på det som er verdt å ta vare på i kommunen (brygger, hus og anna bygnad som har verdi på ulike måtar), betre tenester, tilbod til utsette grupper, utstyrs og ressursbank m.m

4. Har de andre innspel som kan vere viktig å ha med i arbeidet med frivilligpolitikken?

Det kom mange innspel å kva som kan vere viktig å få med i frivilligpolitikken. Nokre av desse kan likegjerne passe inn under førre spørsmål også.

Innspel som vart nemnd er eksempelvis; tilbod for alle, integrering av nye ostringar, konsert og kultursal, skyssordningar og økonomi knytt til transport, bruk av dei tomme skulane i kommunen, likebehandling mellom dei ulike organisasjonane og dei ulike bygdene, legge til rette for at eksisterande bygningsmassar kan rustes opp ved hjelp av frivillige, hjelp i prosessar med ombygging, søknadsskriving osv.

Avslutning

Me hadde ei kort oppsummering av arbeidsverkstaden, der utfordringar med økonomi var noko alle gruppene nemnde. I den forbindelse tok Anne Mette Nesje Porten å fortalde litt om tilskotsordningane som fylkeskommunen har.

Me avventar med å setje saman ei referansegruppe og vil vurdere behovet på nytt når me har eit nærare utkast til frivilligpolitikken.